



Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 18.03.2014

Svein Halleraker sette fram slikt forslag H, V og Frp:

«Nytt pkt. 2

Kultur- og ressursutvalet ber om at KUP ivaretek ønske om særleg å satse på tiltak som styrer vår lokale identitet/kultur, her under kystkulturen.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 1 vart samrøystes vedteke.

Halleraker sitt forslag til nytt pkt 2 vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet vedtek følgjande programsatsingar, slik dei framgår av saksframlegget, for Kulturelt utviklingsprogram 2014:
 - A: Kunsten i samfunnet
 - B: Samarbeid
 - C: Nyskapande formidling
 - D: Kompetanse
2. Kultur- og ressursutvalet ber om at KUP ivaretek ønske om særleg å satse på tiltak som styrer vår lokale identitet/kultur, her under kystkulturen.